

Skriftleg spørsmål til Kommunestyret 23,februar

Ordfører

Eg har hatt kontakt med fleire bedrifter i Alver Kommune. Bedrifter som er fortvila over store straumutgifter. Mange bedrifter kjem ikkje under straumstøtteordninga og slit med rekningar som har mangedobla seg . Enkelte som hadde straumrekningar på 80.-90.000 kr , har no rekningar på oppimot 500.000. Det seier seg sjølv at dette er krevande. Straumrekningar som utgjer 35-40 % av omsetnaden er ikkje uvanleg.

Dei fortel at dei må ta opp lån privat for å halda bedriften gåanda. Det handlar om arbeidsplassar til mange av våre innbyggjarar. Konsekvensen kan verte permeteringar/ oppseiingar av ansatte.

Dette er veldig alvorleg.

Eg veit at fleire bedrifter har tatt kontakt med ordfører i fortvilelse.

Sp og Ap sit med regjeringsansvar.

Spørsmåla er:

Kva konkret har Ordfører gjort av framovermelding til regjeringa?

Kva er tilbakemeldinga ?

Er det noko umiddelbar hjelp å få i denne krisa bedriftene våre opplever?

Er Alver kommune i dialog med andre kommunar for å legge press på regjeringa for å utvida straumstøtteordninga for bedrifter?

Mvh

Ingrid Fjeldsbø